



## Heimane

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1956 - 14/13545

Saksbehandlar:

Arne Johannes Riisnes

Arne.Risnes@lindas.kommune.no

Dato:

04.06.2014

## Til foreldra i 9a

Skulen er av klassekontakt gjort merksam på ein del utfordringar i klassen. Vi er takksame for at de tek kontakt om forhold som de meiner vi bør rette på. Vi ber om at dette brevet vert oppfatta som eit tiltak for å rette på forholda.

### Kontakt og informasjon

I ein ungdomsflokk vil det skje ting, og noko kan verte sagt som går oss vaksne hus forbi. I den grad lærarane i klassen vert merksame på hendingar eller snakk, vert det reagert. Det kan vere at det ikkje har vore informert godt nok heim anten via brev, telefon, sms eller mail. Vi ønskjer å rette på dette.

Kontaktlærer og rektor forstår det informasjonsbehovet de foreldre har og vil gjere sitt til at det vert informert meir om tiltak retta mot einskildelevar til den/dei det gjeld. Det er forståeleg at gode nyhende er betre enn dårlege. Vi vil formidle begge.

### Ro og orden i klassen

Kontaktlærer og rektor er klar over det behovet elevar har for struktur, ro og orden eller generell arbeidsro. Vi ber likevel om at positiv samsnacking som del av opplæringa vert akseptert. Uro, sjau og nedbrytande aktivitet vil vi gripe sterkare inn overfor.

Det er klasseleiar (den læraren som er i klassen) si oppgåve m.a. å halde orden, men det er også viktig at elevane innser at dei må gjere sitt for å få til eit godt klassemiljø. Dette er medspel. Det som til tider no går føre seg i 9a, er motspel og er i sin natur negativt. Vi ber derfor om at de som foreldre og hjelper oss til å oppnå det vi alle ynskjer: elevar som viser respekt og oppfører seg fint både overfor kvarandre og lærar.

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



## **Mobbing**

Det har gått føre seg mobbing i klassen. Særleg utsette er 4 av jentene i klassen. Ikkje alle elevane er involvert i like høg grad. Kontaktlærar har alt snakka med ein del elevar og hatt kontakt heim om saker. Kontaktlærar og rektor ser alvorleg på dette. Rektor vil skrive einskildvedtak som kontaktlærar skal følgje opp om ikkje det er tilstrekkeleg at kontaktlærar snakkar med den / dei som står for mobbinga. Eg understreker at det er den som mobbar som ber ansvaret og må endre åtferd.

Mobbing på sosiale medium førekjem også. Dette har skulen i mindre grad kontroll over. Vi er sjølvsgat med på å motarbeide nettmobbing og ber om eit tett og godt samarbeid mot ondet.

## **Foreldre**

Som ansvarlege vaksne er vi glade for at de foreldre gir oss både ros og ris. Eg ber likevel om at de også hjelper oss med å gi elevane nokre påminningar som kan betre åtferda og medspelet deira. Dette frittek ikkje oss for å gjere vår del av jobben, og vi håper at strevet vil ha effekt.

Med venleg helsing

Arne Riisnes, rektor

Ingrid Danielsen, kontaktlærar

